
Sak nr	Utval	Møtedato
51/18	Formannskapet	29.05.2018

RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR SKODJE KOMMUNE 2018-19

Formannskapet	29.05.2018
Handsaming: Desse bad om ordet: Gunnar Hauge Krf,	
Innstilling/vedtak: Skodje formannskap legg Ruspolitisk handlingsplan 2018-19 ut på offentleg høyring. Frist for merknader og innspel er sett til 01.08.2018.	

Vedlegg

Ruspolitisk handlingsplan 2018-19, pr mai 2018
Ruspolitisk handlingsplan 2014-2016
Oppgåve over kompetansebyggjing innan rus og psykisk helse.
Prosjektplan for rullering av Ruspolitisk handlingsplan

Kort samandrag av saksutgreiinga

Saka gjeld forslag til rullert Ruspolitisk handlingsplan, som vil ha funksjonstid fram til storkommunen er eit faktum 01.01.2020.

Saksutgreiing

Skodje kommunestyre behandla kommunal planstrategi 2016-2020 i møte 23.11.16, og vedtok der at rullering av Ruspolitisk handlingsplan skulle skje i 2017.

Rådmannen la fram orienteringssak til formannskapet i møte 08.03.17, der det m.a. blei presentert ein prosjektplan for arbeidet.

Formannskapet godkjende planen, som m.a. laga slike rammer:

Styringsgruppe:

Formannskapet

- Godkjenne prosjektplan og behandle ev. vesentlege endringar etter forslag frå prosjektleiar
- Avklare nødvendige ressursar for gjennomføring av prosjektet

- Godkjenne sluttproduktet og legge fram for vedtak i kommunestyret.

Arbeidsgruppe

- Prosjektleder: Folkehelsekoordinator Magne Fylling
- Rus-/psykiatriteam v/Anita Lianes
- NAV v/Anders Hammer (Anne Søholt frå 2017)
- Barnevern v/Lene Solheim
- Kommunelege Magnus Nordstrand Lied (Olav Mestad frå 2018)
- Helsefagleg ansvarleg Per Løkkeborg
- Skulefagleg ansvarleg Trond Herje

Framdriftsplanen var sett opp slik:

2017

- Januar: Utarbeide prosjektplan for ruspolitisk handlingsplan
- 4. februar: Ungdområdet: Kurs om rusmiddel og ruspolitikk, Ålesund
- Februar: Arbeidsgruppa møte med KORUS v/Svenslid, m.a. BrukarPlan
- Februar: Prosjektplanen lagt fram for godkjenning i formannskapet, som er styringsgruppe.
- 28.02: Seminar om arbeidet med folkehelseoversikt, Molde
- 29.-30.03: Ruskonferanse, Trondheim
- Mars/april: Ungdata-undersøking.
- April-des: Involvere ulike partar – presentasjon av Ungdata, innspel til førebyggjande tiltak
- Aug-sept: Brukarplan
- Sept: Konferanse om rusomsorg
- Sept-nov: Lage forslag til ny ruspolitisk plan, med utgangspunkt i kartlegging av nosituasjonen (ungdata, brukarplan) og evaluering av gjeldande plan.
- Nov-17 - jan 18: Ruspolitisk plan på høyring.

2018

Første halvår: Vedtak av Ruspolitisk handlingsplan 2018-2021

Vurdering

Utarbeiding av Ruspolitisk handlingsplan 2018/19 har stort sett følgt skissert framdriftsplan. Avviket er tidsdimensjonen; vi ligg om lag eit halvt år etter tidsskjema.

Hovudgrunnen er at Brukarplan-undersøkinga ble gjennomført to-tre månader etter planen, og at resultatrapportane ikkje blei presentert før i midten av januar -18. Så må det også innrømmast at det har vore mykje anna som denne etterjulsvinteren har krevd tid og ressursar.

Men no ligg forslag til rullert handlingsplan 2018/19 føre.

Rådmannen vil kommentere punktvis ein del forhold:

- Arbeidet med etablering av psykisk helse/rusteam og rullering av Ruspolitisk handlingsplan har vore tverrfagleg og kompetansebyggjande. Vedlagt følgjer ei liste over kurs, møte og milepælar i arbeidet.
- Mykje er vidareført frå førre plan. Det er naturleg av fleire grunnar, ikkje minst at rettleiar frå Helsedirektoratet er bruk som disposisjon for planane.
- Evaluering av gjeldande plan viser at mykje positivt har skjedd; etablering av rusteam,

tilsetting av ungdomskontakt, større helsesøsterressurs i skulen, ungdomsklubb, aktivitetssenter.

- Mål og strategiar er vidareført, både overordna nasjonalt mål og overordna mål for Skodje kommune. Det er vidare teke med målformuleringane til satsingsområdet Barn og ungdom, folkehelse og frivilligheit.
- Tiltaka er todelte; førebyggjande tiltak og alkoholpolitiske verkemiddel. Skodje kommune sine førebyggjande tiltak er uttrykt gjennom handlingsplan 2018. Dei viktigaste alkoholpolitiske verkemiddela er system med løyve, vinmonopolordninga, reklameforbodet, aldergrenser og avgiftspolitikken.
- Beskriving av nosituasjonen er basert på Ungdata-undersøkinga, BrukarPlan-kartlegginga, omsetjingsoppgåver for sal og skjenking av alkohol og opplysningar frå politiet.
- Nosituasjonen og Handlingsplan 2018 er organisert som vedlegg bakerst i Ruspolitisk plan. Det som kjem først i planen, er mål, strategiar og konkrete alkoholpolitiske tiltak.
- Gjennomgang av nosituasjonen gir ingen indikasjonar på at det er ei markant forverring av rusproblema i Skodje, verken mellom ungdom eller andre aldersgrupper. Det vi kan lese ut av både Ungdata og BrukarPlan, er at stadig fleire slit med psykisk helse.

Rådmannen legg fram forslag til Ruspolitisk handlingsplan med tilråding om å la den gå ei runde på offentleg høyring. Framdrifta bør vere slik at den blir vedteken i første kommunestyremøte i haust.

Rådmannen vil sende planen direkte til alle frivillige lag i Skodje kommune, alle kommunale einingar, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune og Korus v/Rune Svenslid. Elles vil høyringa bli kunngjort på Skodje kommune si heimeside.

INNSTILLING:

Rådmannen si innstilling

Skodje formannskap legg Ruspolitisk handlingsplan 2018-19 ut på offentleg høyring.

Frist for merknader og innspel er sett til 01.08.18.